

Fornøgd ny medarbeidar på Spar.

13.04.2016



Då eg var innom butikken i dag, var Agnieszka travelt oppatt med å setje varer i hyllene. Tonen med Kjersti Børve var både trygg og god!

**Dei fleste har nok registrert at Spar Uskedalen har utvida staben sin med ei ny triveleg dame i butikken. Dama heiter Agnieszka Skrzypiec-Biegalo, og ho kjem opphavelig frå Polen. Mange har nok sett henne her i bygda før og, for ho har budd i Uskedalen i 6 år. No bur ho på Endregård med flott utsikt til sentrum og fjorden.**

Agnieszka har no 14 dagar bak seg i butikken, og ho byrjar alt å bli varm i trøya og kjend med dei ulike oppgåvene. Ho er tilsett på eit arbeidstreningsopplegg gjennom NAV. Kontrakten er på 3 månader med muligheter til forlenging. Kundane har allereie lagt merke til henne som ei arbeidssom og serviceinnstilt dame, og ein av eigarane, Kjersti Børve, kan fornøgd fortelja at Agnieszka er svært flink, og at ho ser alltid ting som må gjerast.

Gjennom arbeidet får ho også praktisert norsken, der ho har lært det grunnleggjande som elev på Vaksenopplæring på Husnes. Ho snakkar bra norsk og fortel at mannen no har jobb i BKS, og at han for tida har Hydro Husnes som sin arbeidsplass. Ho fortel at ho er svært glad for at ho no får jobba på Spar 5 dagar i veka.  
 - Det er veldig kjekt, og eg er blitt veldig godt mottatt. Eg har svært gode og hjelpsomme kollegaer, seier ho med eit fornøgd smil.

- Og så har ho ein skikkeleg flott hobby. Ho målar, og det er skikkelege kunstverk ho produserer, seier Gunn Mari Moberg som kjem smilande forbi. Det minner den litt gløymske journalisten på at han for nokre år sidan høyarde om ei polsk dame som budde i Uskedalen og var ein skikkeleg flink kunstnar.  
 Gunn Mari har sett bileta, og ho kan fortelja om skikkeleg flotte biletet, og vi vert samde om at dette må det verta utstilling av. Eg får vita at ho vert inspirert av naturen og lagar nydelege dyremotiv. Rosen kjem frå Gunn Mari, medan Agnieszka held seg helst roleg då, så eg rotar fram eit spørsmål frå det eg høyarde for nokre år sidan.  
 - Stemmer det at du har kunstutdanning? spør eg.  
 Ho fortel då at ho har gått 2 år på ein kunstskule i Polen, og når vi veit kor sterkt kunst og kultur står i dette landet, fortel det ganske mykje!

Om bakgrunnen sin elles fortel ho at ho har jobba på ein fabrikk som laga elektroniske ting, og ho har erfaring frå kundeservice i bank.

Når vi spør henne kva ho likar best med Uskedalen, kjem svaret kjapt:

- Naturen!! Eg likar godt å gå på tur, men eg er ikkje glad i veret!



Agnieszka bekrefta at ho likar vaffler med syltetøy til liks med dei fleste av oss.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.